

Den dagen Klassekampen blei NATO-organ

12.04.2022 vil bli ståande som ein sorgens og skammens dag i historia om "venstresidas avis" Klassekampen.

Eg har følgt avisa gjennom 53 år og lese praktisk talt kvart nummer gjennom skiftande redaksjonar og mye storm rundt avisa sin politikk og praksis. Sjølv har eg ofte vore blant kritikarane av fleire sider ved avisa. Likevel er det ein sak som har stått fast: Avisa har tatt standpunkt mot USA-imperialismen og NATO. Dette standpunktet synes no å stå for fall, i alle fall om vi skal gå ut frå kva politisk redaktør Bjørgulg Braanen skriv i dagens avis.

Først går han til angrep på både steigan.no og miljøet rundt Facebook-gruppa "Vi som bryr oss om avisa Klassekampen", med løgnaktige påstandar om at desse har "blitt tribuner for spredning av russisk krigspropaganda." og at "disse gamle AKPerne skulle ende opp som ... forsvarere av en russisk angrepskrig mot Ukraina". Eg har følgd rimelig bra med på begge stadar, og har ikkje funne meir enn eit par debattantar som har skrive innlegg som har forsvarat angrepskrigen eller som kan tolkast slik (først og fremst Bjørn Nistad og Rolf Bunes). Desse er ikkje representative for verken redaktørane eller det store fleirtalet av deltakarane. Slik Braanen skriv det må det tolkast som han hevdar at redaktørane for desse organa forsvarar Russlands krig, og det er det ikkje grunnlag for. Bl.a. har Pål Steigan skrive klart at han tar avstand frå invasjonen, men at han ikkje støttar nokon av partane. Og når vi les vidare, kjem det klart fram at det Braanen ikkje toler og som han stemplar som støtte til Putin, er påvising av kva rolle USA, NATO og Noreg har i krigen: "*Felles for virkelighetsoppfatningen i miljøene rundt Steigan og Andresen er at Ukrainakrigen ses som en stedfortrederkrig, der Zelenskyj og ukrainerne er lydige og uselvstendige redskaper for USA. Norsk våpenhjelp til Ukraina blir derfor ikke sett som en støtte til en suveren stats kamp for overlevelse, men bidrag til en Natokrig.*" Bortsett frå at ikkje Zelenskyj&Co er heilt lydige og usjølvstendige, er dette er faktisk eit standpunkt som er svært utbreidd langt ut over "miljøene rundt Steigan og Andresen". Fleire kritiske amerikanske kjelder snakkar om krigen som ein "proxy war" for USA og NATO. Å påstå dette er å gjøre ei sjølvstendig analyse, det er ikkje å støtte Putin. Det er å sjå kritisk på begge partar, det er dagens utgåve av "det tredje standpunkt", som vi tidligare kjenner frå SF på 1960-talet og frå AKP på 1970-talet, som sa "kamp mot begge supermaktene".

Tidligare har Klassekampen sett det som si oppgåve å avsløre USA sine skjulte mål med sine operasjonar over heile verda. No er det snudd på hovudet, no har det blitt Klassekampen si oppgåve å tildekkje dette, å nekte for at dette er ein krig på tre nivå: 1. Det ukrainske styret sin krig mot eiga befolkning i Donbass. 2. Russland sin krig mot Ukraina. 3. NATO sin krig mot Russland. Om vi bare ser nivå 2 vil vi ende opp med ei fullstendig feil analyse og la oss bruke til å sende våpen som nettopp blir brukt i NATO sin krig.

Verken Braanen eller Klassekampen forvrig stiller spørsmåla: Kven er det som tener på krigen? Vil dei som tener på krigen ha fred? Hadde dei gjort det, ville dei vanskelig kunne komme unna at NATO tener på krigen økonomisk og politisk og derfor ikkje ønsker fred.